

Arkiv: PlanID-
125620180002,
Plannavn-for Meland
kyrkjegard, Komnr-
4631, FA-L13
JournalpostID: <jplD> 20/5672
Saksbehandlar:
Dato: 03.02.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
039/20	Utval for areal, plan og miljø	11.03.2020
025/20	Alver kommunestyre	14.05.2020

3.gongs handsaming - Kommunal detaljreguleringsplan Meland kyrkjegard, Gnr. 316/317 RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

«Alver kommunestyre finn ikkje å kunne imøtekomme motsegn frå tidlegare Hordaland fylkeskommune v/ Utval for kultur, idrett og regional utvikling med omsyn til omlegging av Bjørnestadvegen. Reguleringsplanen for Meland kyrkjegard, planid. 1256 2018 0002, som vist på plankart med siste revisjonsdato 18.03.2019 og med reguleringsføresegner av revisjonsdato 12.04.2019, blir sendt til kommunal- og moderniseringsdepartementet for endeleg avgjerd. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 5-6.»

Utval for areal, plan og miljø 11.03.2020:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

APM- 039/20 Vedtak:

Innstilling frå APM - 11.03.2020:

Alver kommunestyre finn ikkje å kunne imøtekomme motsegn frå tidlegare Hordaland fylkeskommune v/ Utval for kultur, idrett og regional utvikling med omsyn til omlegging av Bjørnestadvegen. Reguleringsplanen for Meland kyrkjegard, planid. 1256 2018 0002, som vist på plankart med siste revisjonsdato 18.03.2019 og med reguleringsføresegner av revisjonsdato 12.04.2019, blir sendt til kommunal- og moderniseringsdepartementet for endeleg avgjerd. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 5-6.

Alver kommunestyre 14.05.2020:

Behandling:

Innstillinga frå utval for areal, plan og miljø vart samrøystes vedteke.

KO- 025/20 Vedtak:

Alver kommunestyre finn ikkje å kunne imøtekomme motsegn frå tidlegare Hordaland fylkeskommune v/ Utval for kultur, idrett og regional utvikling med omsyn til omlegging av Bjørnestadvegen. Reguleringsplanen for Meland kyrkjegard, planid. 1256 2018 0002, som vist på plankart med siste revisjonsdato 18.03.2019 og med reguleringsføresegner av revisjonsdato 12.04.2019, blir sendt til kommunal- og moderniseringsdepartementet for endeleg avgjerd. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 5-6.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

På oppdrag frå tidlegare Meland kommune legg Asplan Viak AS fram forslag til endring av reguleringsplan for Meland kyrkjegard. Detaljreguleringa er ei endring av eksisterande reguleringsplan for Meland kyrkje og gravlunder med omegn i tidlegare Meland kommune, vedteke 05.02.1992. Planområdet ligg mellom Erstad i nordvest, Bjørnestad i nordaust og Dale i sør.

Plangrensa følgjer avgrensing for gjeldande reguleringsplan i aust. I sør følgjer plangrensa vestre del av eldre gravplass ved fv. 244, Melandsvegen. I nord tar planen med areal satt av til framtidig grav- og urneland i kommuneplanens arealdel 2015, og areal satt av til LNF fram til bekk. I nord er det teke med areal for å leggja om Bjørnestadvegen nord for gravplassen slik intensjonen er i gjeldande reguleringsplan. For å sikre areal til midlertidig anleggsområde ved etablering av ny veg og gravplass, er plangrensa trekt til bekk i dalbotnen.

Kort om planforslaget

Bakgrunnen for planarbeidet er kravet frå Lov om gravplasser, kremasjon og gravferd (gravferdslova) om at kommunen til ei kvar tid skal ha ledige gravplassar til 3% av innbyggjarane, jf. § 2 første ledd. Kommunen er no i den situasjon at det må etablerast nye område for utviding av gravplassen for å tilfredstille dette kravet. Det er eit ynskje frå kommunen si side at utvidinga skal romme om lag 600 graver. Tilrådinga føreset at det vert lagt til rette for parkeringsplass på høgde med arealet for utviding og ny veg opp til den nye gravplassen for å sikra universelt tilgjenge. Planarbeidet skal òg leggje til rette for at Bjørnestadvegen, som i dag går gjennom kyrkjetunet, vert lagt om.

For nærare opplysningar om planforslaget vert det vist til planomtalen og saksframstilling til 1. og 2. gongs handsaming i tidlegare Meland kommune sitt Utval for drift og utvikling (UDU), som ligg vedlagt saka.

Planprosess

Planforslaget var til 1. gongs handsaming i UDU den 07.05.2019, som sak 41/2019. UDU vedtok då å leggje planforslaget ut til offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova § 12-10. Offentleg ettersyn og høyring var i tidsrommet 28.05.2019 – 09.07.2019. Det kom inn seks merknadar frå private grunneigarar/andre og fire uttalar frå offentlege høyringsinstansar. Gjennomgang av merknadar med kommentar, ligg vedlagt saka i saksframlegg til 2.

gongshandsaming.

Hordaland fylkeskommune kom med motsegn til reguleringsplanen vedrørande omlegginga av Bjørnestadvegen. Tidlegare Meland kommune var i dialogmøter med fylkeskommunen 16.08.2019 og 07.10.2019. Partane vart ikkje samde om ei løysing.

Kommunestyret i tidlegare Meland kommune gjorde vedtak, i sak 48/2019, om mekling før endeleg handsaming av reguleringsplanen. Meklingsmøte vart haldt ved Statens hus 12.12.2019. Fylkeskommunen fremma forslag om at kommunen granska moglegheita til å opparbeide ny Bjørnestadveg med grasarmering i staden for asfalt, som eit plangrep for å dempe vegens visuelle og estetiske avtrykk i terrenget. Kommunen informerte om at dei skulle sjå nærmare på bruk av grasarmering, men at eit viktig premis er at alternativ opparbeiding medfører at vegen kan brukast som ei permanent køyreveg til og frå bustadane. Om vegen kunne anvendast permanent eller kun ved tilstelningar i kyrkja kunne ikkje fylkeskommunen ta stilling til no.

På bakgrunn av meklingsmøte, sendte planavdelinga hos tidligare Meland kommune 08.01.2020 eit forslag til løysning for omlegging av Bjørnestadvegen til fylkeskommunen. Tilbakemeldinga var at sjølv om ein opparbeide ny Bjørnestadveg med grasarmering, heldt dei fast på at vegen kun skal anvendast når det er tilstelningar i kyrkja.

Vurdering

Konsekvensane av krav frå fylkeskommunen om løysning for omlegging av Bjørnestadvegen vert skildra i med kartutsnittet under.



Figur 1: Illustrasjon av konsekvensane ved å godta VFK sin løysning for at motsegn kan verta

Vestland fylkeskommune godtar etablering av ny veg (o_SV3) på følgjande premissar:

- Veggen må opparbeidast som ein tilnærma lik landbruksveg, med fast dekke av grasarmering (grøn line).
- Veggen kan bare nyttast av grunneigarene ved tidspunkt det foregår tilstelningar i kyrkja, elles skal dagens vegtrase for Bjørnestadvegen anvendast.
- Ny avkøyring for drift (svart sirkel) via øydelagd kyrkjemur tillatast ikkje, og dagens avkøyring for drift (grøn sirkel) må stengjast. VFK rår til at ein riv eller flyttar eksisterande garasje (blå sirkel) og opparbeidda ein ny veg for drift, frå dagens Bjørnestadveg rundt kyrkja og vidare ned til det eldste gravfeltet (lyseblå line).

For at løysinga kan la seg gjennomføre, vert ein nødt til å etablere bom, lysregulering og informasjonsskilt som visar til alternativ køyreveg. Underlaget til jordbruksvegen må vera bygd opp av gode dreneringsmassar, med eit topplag av blanding med jordbruksjord og torv egna til tilsåing av gras. Grasarmering må jevnleg gjødslast og vatnast for at graset skal gro. Rådmannen vurderer at VFK sin tilråing og konsekvensane det medfører er ein svært kostbar affære og veggen vil krevja mykje vedlikehald. I høve til trafikksikkerheit vil løysinga auke trafikkfaren viss ein kjem for seint til ein kyrkjeleg sermoni. Bommene er då nede og ein må parkera langs fylkesvegen. Tiltaka med bommar, lysreguleringar og informasjonsskilt er óg eit framadelement og vil verta skjemmande for opplevinga av kyrkja som del av eit større kulturmiljø.

Konklusjon

Rådmannen vurderer at krava frå fylkeskommunen vedrørende omlegging av Bjørnestadvegen ikkje er gjennomførbar. Konsekvensane av krava frå fylkeskommunen vart lagt fram til leiar for kulturavdelinga Eirik Bouwer Utne, kyrkjeverje for Alver kyrkjelege fellesråd John Fredrik Wallace og dagleg leiar i Meland sokn Anne Sofie Uthaug. Dei er alle samde med rådmannen sitt forslag til vedtak, at reguleringsplanen for Meland kyrkjegard vert sendt til kommunal- og moderingsdeparterementet for endeleg avgjerd.

Vedlegg i saken:

24.02.2020	1. Fråsegn med motsegn til reguleringsplan for Meland kyrkjegard	1354814
24.02.2020	2. Saksframlegg til 2. gongs handsaming med vedtak om mekling.	1354815
24.02.2020	3. Saksframlegg til 1. gongs handsaming - offentleg ettersyn	1354816
24.02.2020	4. Uttale frå kommunen om kulturminnefaglege omsyn.	1354817
24.02.2020	5. Dialogmøte Meland kyrkjegard_16.08.2019	1354818

24.02.2020	6. Dialogmøte Meland kyrkjegard_ 07.10.2019	1354819
24.02.2020	7. Brev_ Bestilling av meklingsmøte om motsegn til reguleringsplan for Meland kyrkjegard_28.10.2019	1354820
24.02.2020	8. Tilbakemelding på framlegg til løysing frå Vestland fylkeskommune_14.01.2020	1354821
24.02.2020	9. Føresegner_12.04.2019	1354822
24.02.2020	10. Plankart_18.03.2019	1354823
24.02.2020	11. Planskildring_12.04.2019	1354824
24.02.2020	12. Arkeologiskrapport_Rapport 30 2018	1354825
24.02.2020	13. ROS-analyse_12.08.2019	1354826
24.02.2020	14. Rapport_moglegheitstudie utviding Meland kyrkjegard_26.09.2017	1354827
24.02.2020	15. VA-rammeplan_12.04.2019	1354828
24.02.2020	16. Notat_Elvemusling_13.06.2017	1354829
24.02.2020	17. Illustrasjonsplan_18.03.2018	1354830
24.02.2020	18. Kart_omlegging_veg_09.10.2018	1354831
24.02.2020	19. Kart_plan og profil_15.10.2018	1354832
24.02.2020	20. Historisk_Hovudplan_Utviding Meland kyrkjegard_22.01.2001	1354833
24.02.2020	21. Historisk_G-03 Drenering av gravfelt_26.11.2003	1354834